

*Dropar i  
austavind*

## Ein modernistisk diktar



☞ Olav H. Hauge blir rekna mellom dei fremste lyrikarane innanfor den modernistiske tradisjonen på 1900-talet.

☞ Hauge debuterte i 1946 med samlinga *Glør i oska*. Dei fleste av dikta i denne

samlinga hadde han alt skrive i 1920- og 1930-åra, og dei var haldne i tradisjonell bunden stil med faste strofemønster. Hauge uttrykte gjerne sinnsstemningar gjennom symbolske naturbilete, som i dette diktet:

### ***I dag og i morgon***

*Eg er berre ein gneiste  
av den store eld.  
Og som eg kveiktest i myrkret,  
skal eg slokna ein kveld.*

*Eg er den bylgja som brusar  
i denne stund,  
med nye fødest og fyllest  
og gamle sig i blund.*

*Eg er det bladet som blakrar  
i denne vår.  
Du skal skjelva i stormen  
eit anna år.*

(diktet har i alt åtte strofer)

## Frå bunden til ubunden stil

☛ I 1950-åra tok Hauge til å eksperimentere med den forma som skulle bli særmerkt for han. Han la bort enderim og fast rytme og skreiv no kortare dikt med eit meir konkret innhald. Hauge tok gjerne utgangspunkt i noko kvardagsleg, som for eksempel ein situasjon, ein gjenstand eller eit dyr. Diktet «Gjer ein annan mann ei beine» handlar om ein mann som vil betale for ei teneste (ei beine) fordi han veit at han ikkje kan gjengjelde tenesta på anna vis:

### ***Gjer ein annan mann ei beine***

*Han kom or fjellet, skulde heim,  
fekk føring ifrå Osa  
ut til Øydvinstø.  
Og han var raust  
og baud betal.*

*Men Osamannen  
var ikkje fal:  
Eg vil betala;  
eg kan ikkje nå deg  
med ei beine att.*

*So gjer ein annan mann  
ei beine då,  
sa Osamannen,  
og skauw ifrå.*

Frå samlinga *Seint rodnar skog i djuvet* (1956)

☛ Den vesle historia fortel noko allment: Ein treng ikkje alltid betale for ei teneste, og dersom det ikkje er mogleg å få gjort ei motyting – så *gjer ein annan mann ei beine då*. Ein enkel leveregel – og samstundes god kvardagsfilosofi.

☞ I same samlinga finn vi dette diktet med ein annan leveregel:

***Syn oss åkeren din***

*Møt ikkje med:*

*gøyande hund,*

*hotande hand,*

*trakk ikkje i rugen!*

*Men syn oss åkeren din*

*ei morgonstund!*

☞ Diktet kan tolkast slik at vi må vere audmjuke og opne i møte med andre, for da blir vi også sjølve møtt med velvilje. I tillegg får vi eit rikare liv når vi deler det vi gjer og tenkjer med andre. Hauge bruker enkle, konkrete bilete frå bondekvardagen. Nettopp fordi han skriv så knapt og biletleg, tvingar han lesaren til å reflektere og dra inn eigne røynsler for å utfylle teksten og gi han meining.

## Nynorskforfattar



Olav H. Hauge. Foto: NTB / Scanpix

☞ Diktarspråket til Hauge er nynorsk, og det var utenkjemleg for han å skrive noko anna. Vi ser av ordvalet og formene han bruker, at det er eit arkaisk nynorsk. I

dei eldste dikta bruker han former frå før 1938-reforma, som *yver*, *kringum* og *stjernor*. Han skriv substantivforma *gjente* for jente og talordet *tvo* for to. Også i seinare produksjon nyttar han stort sett dei eldste skriveformene.

## Ein lågmælt diktar



☞ I samlinga *Dropar i austavind* (1966) går Hauge enda eit steg vidare i diktinga si. Her finn vi korte, tilsynelatande svært enkle dikt om kvardagslege ting:



*Katten sit  
i tunet  
når du kjem.  
Snakk litt med katten.  
Det er han som er varast i garden.*

☞ Det er denne enkle seiemåten som er kjennemerket til Hauge. Men bak den

minimalistiske forma ligg det ein livsvisdom og eit innsyn som Hauge har evna å nå svært mange med:

### *Ljåen*

*Eg er so gamal  
at eg held meg til ljå.  
Stilt syng han i graset,  
og tankane kan gå.  
Det gjer ikkje vondt heller,  
segjer graset,  
å falla for ljå.*

☞ Fleire av dikta i samlinga *Dropar i austavind* er inspirerte av japansk haikudikting. Haikudiktet er stutt og utan rim, og det skal samanfatte noko om ein situasjon eller ei stemning. Haikudiktinga har hatt stor innverknad på den modernistiske lyrikken. Olav H. Hauge eksperimenterte med denne forma tidleg i 1960-åra, og han inspirerte også andre norske lyrikarar som Jan Erik Vold, Eldrid Lunden og Paal-Helge Haugen.



## Rikt biletspråk

☞ Biletspråket til Hauge tek utgangspunkt i bygdeliv og natur, og det er vestlandsnaturen som kjem til syne, både konkret og symbolsk.

### *Eg dreg ifrå glaset*

*Eg dreg ifrå glaset fyrr eg legg meg,  
eg vil sjå det levande myrkret når eg vaknar,  
og skogen og himmelen. Eg veit ei grav  
som ikkje har glugg mot stjernone.  
No er Orion komen i vest, alltid jagande –  
han er ikkje komen lenger enn eg.  
Kirsebærtreet utanfor er naken og svart.  
I den svimlande blå himmelklokka  
ritar morgonmånen med hard nagl.*

☞ Hauge bruker enkle metaforar. Alle er henta frå naturen eller nærmiljøet, og det er heile tida menneskeleg livsrøynsle han prøver å seie noko om. Her følgjer eit lite dikt om kommunikasjon, også tydeleg inspirert av haikutradisjonen:



*Sitatet på dette frimerket skriv seg frå lyrikaren Olav H. Hauge. Illustrasjon: Posten Norge / Scanpix*

### **Ord**

*Eit ord*

*– ein stein*

*i ei kald elv.*

*Ein stein til –*

*Eg må ha fleire steinar  
skal eg koma over.*

☞ Vi kan sjå på elva som eit symbol på livet, mens steinane er symbol for ord og kommunikasjon. Da blir budskapet at vi ikkje kan klare oss åleine i dette livet. Vi treng kontakt med andre.

## Gartnar og poet



Foto: Line Møller / VG / Scanpix

☞ Olav H. Hauge budde heile livet sitt i Ulvik i Hardanger, der han livnærte seg som fruktdyrkar. Han var sjølvlært i litteraturfaget, men stod likevel fram som svært kunnskapsrik og intellektuell.

☞ Hauge var orientert mot europeisk modernisme, han las og studerte mykje på eiga hand. Han gjendikta poesi av mellom anna Blake, Tennyson, Browning, Brecht,

Mallarmé og Rimbaud. Av den grunn fekk han tilnamnet «europearen frå Hardanger». Han var også interessert i austleg filosofi og diktning, og det kjem til uttrykk i dette diktet om ein stor kinesisk diktar:

### **T'ao Ch'ien**

*Kjem T'ao Ch'ien  
på vitjing ein dag, vil eg  
syna han kirsebærtrei og aplane mine,  
eg vil helst han skal koma um våren  
når dei stend i blom. Etterpå skal me sitja i skuggen  
med eit glas sider, kanskje kan eg syna han  
eit dikt – um eg finn eitt han likar.  
Drakane som skyt yver himmelen med gift  
og røyk etter seg,  
gleid stillare i hans tid, og fleire fuglar kvitra.  
Her er ingen ting han ikkje vil forstå.  
Meir enn fyrr har han hug å draga seg attende  
til ein hagefleck.  
Men eg veit ikkje um han gjer det med godt samvit.*



*Olav H. Hauge les diktet  
Det er tid å hauste inn*

## Eit ideal for Profil-forfattarane

☞ I 1966 tok ei gruppe unge forfattarar over redaksjonen i studenttidsskriftet Profil. Dei såg på seg sjølve som anti-borgarlege og tok avstand frå det rådande litteratursynet. For mange av desse unge forfattarane var Olav H. Hauge ein inspirator og eit føredøme. Fleire av dei reiste til Ulvik for å intervjuje Hauge og for å høyre han snakke om dikting og litteratur.

☞ Hauge var svært godt orientert om eldre og nyare europeisk dikting. Han hadde lært seg språk og hadde stor kunnskap om både tysk, fransk og engelsk lyrikk. Til og med frå klassisk kinesisk lyrikk henta Hauge inspirasjon til si eiga skriving.

☞ Jan Erik Vold var ein av dei som stod sentralt i Profil-opprøret. Han hadde nær kontakt med Olav H. Hauge og reiste fleire



Diktaren  
frå Har-  
danger

gonger til Hardanger for å lære av den store diktaren. I 1974 skreiv Vold dette i ei samling som Bokklubben gav ut:

*Hauge, ja! Det er han som bærer fakkelen nå, slik jeg ser det – og så mye kan sies, at det betyr ikke lite at det går en slik 66-åring omkring i Ulviks kuperte og grøderike landskap og steller sine frukttrær mens han tenker på poesien. Det er trygt å vite, om man bor f.eks. i hovedstaden, at innerst i en fjordarm av Hardangerfjorden fins en som stadig følger med, en som ikke har vansker med å skjelne mellom toskeskap og ekte vare, skjelne mellom tull og alvor. Det er en evne som kommer godt med, i dagliglivet som i kulturlivet, at der skal bokstaver opp på veggen hver eneste dag...*



## Mitt liv var draum

☞ Olav H. Hauge gav ut sju eigne diktsamlingar og fleire samlingar med gjendiktingar. I 2004 kom det ein biografi om dikteren med tittelen *Mitt liv var draum*, forfatta av Knut Olav Åmås. På vaskesetelen står det å lese:

*Det han søkte, og frirommet han fann, var litteraturen. Litteraturen gav han det livet han ikkje fann i den verda som av dei fleste blir kalla den verkelege. Det var eit lese liv, difor var det eit levd liv, difor var kvar samtale om litteratur ein samtale om livet, difor var oppgåva ikkje å gjera draumen til liv, men livet til draum.*



### **Det er den draumen**

*Det er den draumen me ber på,  
at noko vedunderleg skal skje,  
at det må skje –  
at tidi skal opna seg,  
at hjarta skal opna seg,  
at dører skal opna seg,  
at berget skal opna seg,  
at kjeldor skal springa –  
at draumen skal opna seg,  
at me ei morgonstund skal glida inn  
på ein våg me ikkje har visst um.*

☞ Vi veit at livet somme gonger byr på tunge stunder, motgang og sorg. Men kan hende er det viktigare å halde fast ved draumen om det vedunderlege enn at alle ønska våre går i oppfylling?

